

Afrikas varme hjarte

Etter åtte års prosjektarbeid seier no **Marit Svahn** farvel til Malawi.



For ti år sidan drog Marit Svahn og ektemannen Sigvart Byberg på sin fyrste tur til Malawi. Det som møtte dei var eit folk i naud, men mest av alt eit folk som kapra hjarta deira.

– Malawiarane ser eg som blide, venlege og fredelege. Dei er gjestfrie og har varme hjarter, fortel Marit.

EI ANNA VERD. Ho sit og pratar engasjert i ein lenestol i leilegheita si på Voss. Til dagleg bur ho og mannen på Hamar, men no og då tek dei turen til heimbygda hennar. Begge stadene vert likevel ganske så annleis dersom ein samanliknar med Malawi.

– Det er eit enormt behov for hjelp i Malawi. Så mykje fattigdom, så mange born, så mange familiar som manglar det meste. Utruleg mykje naud, fortel Marit.

Det var Sigvart som fyrst drog ho med til Afrika. Før dei landa på avgjersla om at dei ville starta prosjektarbeid i Malawi, tenkte dei på både Tanzania og Mosambik. Frå før hadde Sigvart, som er veterinær, drive prosjektarbeid innan husdyravl i Kosovo og Albania.

– Då han hadde heldt på i mange år der ved sidan av jobben på Hamar, ynskja han å starta noko i Afrika. Me såg det enorme behovet i Malawi, seier Marit.

UTDANNING. I 2008 var dei i gang. Sigvart kjøpte fyrst opp nokre hundre mål jord og dreiv opplæring innan jordbruk og dyrehald. Marit ville ikkje sitja der arbeidslaus, så ho gjekk i tenkjeboksen for å finna ut korleis ho best kunne vera til nytte i området.

– Eg tenkte «kva kan du, Marit?» Jo, det einaste eg kan er å undervisa, seier ho.

Etter mange møter og mykje førebuing kunne ho starta opp sin fyrste klasse innan førskulelærarutdanning i 2010, med eigen bakgrunn som grunnlag. 25 lærevillige studentar byrja, og 18 fullførte eksamen to år seinare.

– Ein siger for både dei og meg, seier Marit.

Avtalen var opphavleg at ho berre skulle hjelpe dei i gang dei fyrste åra.

– Me hadde lite økonomisk støtte og brukte mykje private

FAKTA | MALAWI

- Innlandsstat i søraust-Afrika, som fyrst og fremst er eit jordbruksland.
- Grenser til Tanzania, Zambia og Mosambik. Hovudstaden heiter Lilongwe.
- Eit av Afrikas tettast busette land.
- Befolkninga er på kring 16,7 millionar, og kring halvparten av befolkninga er under 19 år.
- Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, og er i stor grad avhengig av bistand.

Kjelder: Wikipedia, Norad, Globals

midlar. Men dei vart så fortvila då eg ville slutta etter to år. Då vart løysinga å søkja Kavlifondet om midlar. Dei gjekk inn og støtta den neste klassen min, fortel Marit.

I tillegg fekk dei ei gåve av Arnstein Bjørke. Til no har i alt 43 jenter og gutar tatt førskulelærareksamen.

SJU BARNEHAGAR. Like etter det fyrste kullet med førskulelærarar var ferdig utdanna av Marit og nokre norske kollegaer, fekk ho i stand sju barnehagar som vart plasserte i gamle kyrkjebygg. Og etter at det andre kullet var utdanna, fekk dei flytta barnehagane inn i nye bygg med det som var igjen av Kavlimidlane. Dei nye førskulelærarane trengde jobb, og befolkninga trengde Kavli-barnehagane.

– Rundt meg såg eg alle desse borna som ikkje hadde noko tilbod, seier Marit.

Barnehagane fordeler seg på sju ulike landsbyar. Nokre av førskulelærarane har tatt initiativ til å starta opp fleire barnehagar, og i dag er det snakk om 19 barnehagar med tretti til femti born i kvart hus.

– Undervisning og eit varmt

måltid er gull verd, seier Marit.

Borna får opplæring i stamme-

språket tonga, i tillegg til engelsk, som er det offisielle

språket i Malawi.



ÅTTE ÅR: Marit Svahn har opplevd mykje og blitt svært glad i det malawiske folket.

STORE BEHOV. Ifylgje Norad er kring halvparten av befolkninga i Malawi under 19 år. Samstundes er Malawi det fattigaste av dei norske samarbeidslanda i det sørlege Afrika. Behovet for utdanning er enormt.

– Det var kjempeviktig at dei i landsbyane fekk eit eigarforhold til prosjekta, seier Marit, som fortel at dei har lagt stor vekt på oppmuntring og ros når ting har gått bra.

– Det er like viktig i Malawi som i Noreg. Ikkje alt har gått på skjener. Hadde det gjort det, hadde det ikkje vore bruk for oss. Ein del vonbrot må ein rekna med, men gleda over kvar minste framgang veg tyngst i vektskåla, seier ho.

KURS OG SEMINAR. Marit dreiv førskulelærarutdanninga fram til 2014. Ho starta så eit prosjekt for tenåringar, kalla «Soon teenager,

Jordbruksundervisninga og førskulelærarutdanninga var det skrikande behov for.

– Det var kjempeviktig at dei i landsbyane fekk eit eigarforhold til prosjekta, seier Marit, som fortel at dei har lagt stor vekt på oppmuntring og ros når ting har gått bra.

– Det er like viktig i Malawi som i Noreg. Ikkje alt har gått på skjener. Hadde det gjort det, hadde det ikkje vore bruk for oss. Ein del vonbrot må ein rekna med, men gleda over kvar minste framgang veg tyngst i vektskåla, seier ho.

– For dei manglar det meste der, seier ho.

Før kvar reise planla dei nøyte

kva som skulle takast med og

kva som måtte jobbast med.

what do I need to know», der to lag reiste rundt på barneskulane for å nå born mellom elleve og 13 år med informasjon som ikkje vert gitt i heimen eller på skulen. Til dømes har tema vore vennskap, kroppen, grensesetjing og seksualitet. Vidare starta ho også med familieseminar, der vel 500 par har vore innom for å snakka om tema i samband med familjeliv. Begge prosjekta har vore sponsa av Kavli.

– Konfliktløysing, kommunikasjon, seksualitet, barneoppsetting, likestilling og økonomi har vore sentrale tema. Mange har fått eit endra syn på korleis ein familie best kan fungera saman, seier Marit.

Prosjektet «Small hearts», der femti born og/eller familiar får



OPNE SINN: Denne gjengen er med i eit tenåringsprosjekt, der dei reiser rundt og underviser unge om kropp, grenser og seksualitet.



UKJEND: Disse borna hadde aldri sett ei slik seng, før Marit og Sigvart gav senga til den vesle, foreldreause guten som ligg oppi den.



GLADE: Marit Svahn skildrar folket i Malawi som blide, vennlege og fredelege. Men behovet for hjelp er stort.

PRIVATE FOTO

økonomisk hjelp kvar måned, er eit prosjekt ho vil halda fram med i åra framover.

– Norske sponsorar, mellom anna frå Voss, gjev 200 kroner kvar måned. Det står faktisk om liv eller død for mange av dei som no får denne hjelpa. Det er kjekt å sjå at pengane blir brukte til mat, medisin, betre klede og så vidare. Sponsorane veit at pengane kjem fram, og eg har alltid med heim takkebrev og teikningar frå takksame born og deira omsorgspersonar, fortel Marit.

OPPLEVINGAR. Ekteparet har tidvis hatt med seg fleire norske venner på tur til Malawi.

– Mellom andre Gunvor Sønnesyn og Morten Hem, som hadde

to veker med fantastisk undervisning her i 2013, seier Marit.

Ho har opplevd mykje spesielt dei siste åra.

– Det som sit sterkast i, er dei gongene me verkeleg har vore til hjelp.

Marit minnest fleire episodar som har sett sitt preg på ho. Mellom anna besteforeldre som må ta seg av mange barneborn, oftast på grunn av at mødrene har døydd under fødselen eller stukke av frå ansvaret.

– Fedrane er svært ofte fráverande og arbeidet fell ofte på ei sliten bestemor. Det er vondt å sjå kor dei strevar. Eg har spurt fleire korleis dei føler det i slike tilfelle, men svaret er oftast at dei ser på dette nye barnet som ei gåve

frå Gud. Familiene stiller alltid opp, fortel Marit.

Sist hadde dei med seg fire barnesenger til landet.

– Ein nyfødt liten foreldrelaus fekk ei seng. Fleire frå landsbyen strøyndte til for å sjå dette vidunderet, seier Marit.

SJELA LIGG IGJEN. Å komma tilbake frå Malawi til Noreg kvar gong ekteparet har vore ute på prosjektarbeid, har ikkje berre vore lett.

– Når du har vore der i to månader og tilpassa deg, så er det på ein måte verre å koma heim. Eg føler det berre har vore kroppen min som kjem tilbake, medan sjela ligg igjen der i lang tid etterpå. Heile deg er fylt med tankar av det

du har sett, og kva som vert det neste å prioritera, fortel Marit.

For alle dei gongene dei har reist til Malawi, så visste ekteparet kva som venta dei. Alle dei som var i naud, som trengde hjelp.

– Det har vore utruleg mykje jobb, seier Marit. Og legg til:

– Men for all del lærerikt og meningsfullt.

Spørsmålet er no om det vert fleire turar til Malawi for ho og mannen.

– Sigvart vil nok fortsetja ei stund til, men sjølv trappar eg ned, delvis på grunn av eiga helse. Aktive bakteriar som ikkje me har i Noreg gjer at me må ta mykje antibiotika. Det likar eg ikkje, seier Marit.

Ho har mellom anna hatt malaria to gonger, eine gongen var ho døden nær. Men å seia takk og farvel til Malawi for godt, vert nok ikkje aktuelt på lenge.

– God kontakt er knytt med sterke band, og takka vera sosiale medium har eg dagleg kontakt med mange som for alltid vil vera venene mine, seier Marit Svahn.

For det er alle dei varme hjarta ho har møtt på sin veg som har betydd mest dei siste åtte åra.

– Malawi vert jo kalla «the warm heart of Africa», og landet ber namnet sitt med rette, seier Marit Svahn.